



BJØRN OVE AAEN MARTINSEN  
TITLAND  
5912 SEIM

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Helen Haaland, 5764 3080

## Søknad om dispensasjon frå søknadsfrist - produksjonstilskot mars 2019

Vi viser til søknaden din om dispensasjon frå søknadsfristen i 15. mars 2019. Søknaden er datert 26.08.2019. Lindås kommune tilrår at det vert gitt dispensasjon og sende søknaden over til Fylkesmannen i brev datert 27.08.2019. Kommunen etterspurde svar på søknaden i e-post 26.09.

Ved ein feil har denne saka blitt liggande hos oss og vi seier oss leie for at du ikkje har fått svar tidlegare.

### Bakgrunn

Du driv med sau og sende inn søknad om produksjonstilskot innan fristen i mars, men dyretalet vart ikkje registrert i søknaden. Du var i god tru og trudde alt var i orden. Feilen vart først oppdaga av sakshandsamar i kommunen. Datalogg frå Landbruksdirektoratet viser at du var inne i søknaden og sende den 1. mars og var igjen inne 12. mars, men at det ikkje vart registrert dyretal nokon av gongane.

Du har lite erfaring med data og tykkjer det nye søknadssystemet er innvikla.

### Regelverk

I følge *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket* (forskrifta) og *Veileder til søknad om produksjonstilskudd*, er det søkjar sitt ansvar at søknaden vert levert i rett tid. Fylkesmannen kan i særskilde høve dispensere frå søknadsfristen jf. forskrifta §9.

### Vurdering

Det er stadfesta at føretaket sende inn søknad før fristen. At det ikkje var søkt om dyr vart først oppdaga under sakshandsaming. Det føreligg difor ikkje særskilde grunnar som gir høve til å dispensere frå søknadsfristen.

Du var god tru om at søknaden var i orden, men søknaden var utan søknadstal og dermed tom. Det er difor tydeleg at det her må ha skjedd ei misforståing. Som hovudregel skal ikkje kommunen godkjenne eit høgare tal enn det som er omsøkt, men det er eit unntak ved «åpenbare» feilføringar (Rundskriv 2019/35 punkt 6.2). Vi meiner at dette er ei «åpenbar» feilføring som kommunen kan rette. Det vil då ikkje vere trong for dispensasjon frå søknadsfristen.



### **Vedtak**

Fylkesmannen gjev med heimel i *forskrift om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 9*, føretaket avslag på søknad om dispensasjon frå søknadsfristen 15. mars 2019.

### **Klagerett**

Etter forvaltningslova kap.VI kan du klage på dette vedtaket innan tre veker etter at du har motteke dette brevet. Klaga skal grunngjevast, stilast til Landbruksdirektoratet og sendast om Fylkesmannen i Vestland, Landbruksavdelinga.

Med helsing

Bjørn Harald Haugsvær  
ass. landbruksdirektør

Helen Haaland  
fylkesagronom

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ